

# Gjesdalbuen AS

## Må utsetta ekstreme sykkelplanar



May-Brit Kristiansen og Johnny Stausholm har installert proffe treningssyklar på soverommet. FOTO: Kristine M. Stensland

### **Johnny Stausholm vert nøgd til å sette sykkelprosjektet på vent.**

**Tekst:**

[Kristine M. Stensland](#)

Publisert:

01.06.2015 kl 08:20

Oppdatert:

01.06.2015 kl 09:47

---

[I januar skreiv Gjesdalbuen om Johnny Stausholm som førebudde seg på å delta i Race Across America \(RAAM\). Løpet er 4800 kilometer langt og går frå Califorina til Maryland.](#)

Stausholm lever med konstante smerter etter ei bilulykke i 2001, og han tyr til syklinga for å få fokuset over på noko anna. For å vera klar for start i 2016, må Stausholm kvalifisera seg i 2015.

Men no må han utsetta planane om RAAM-deltaking på grunn av akutte operasjonar i hender og underarmar.

«Det er ganske tungt å måtta trekka denne konklusjonen, men eg føler det er det riktige å gjera», skriv syklisten på Facebook-sida si. Han lovar følgjarane sine å halda seg i form og koma sterkare tilbake.

## LES OGSÅ:



[Trener til verdas tøffaste sykkelløp](#)